

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
064/19	Formannskapet	PS	19.09.2019
058/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandler	ArkivsakID
Helen Gjærde	19/1776

## Godkjenning av framforhandla utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og Kvassnesvegen 32 for delområde BS17-1 BS18 innanfor områdeplan Knarvik sentrum

### Vedlegg :

Utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og Kvassnesvegen 32 for delområde BS18 innanfor områdeplan Knarvik sentrum  
Utbyggingsavtale med Kvassnesvegen 32 AS til offentlig ettersyn  
Vedlegg til Utbyggingsavtale med Kvassnesvegen 32 AS til offentlig ettersyn (2)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordførar signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

.....

### Formannskapet - 064/19

#### FO - behandling:

Bjarte Vatnøy stilte spørsmål om habilitet i denne saka. Formannskapet gjorde vedtak om at B.Vatnøy er inhabil i saka.  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordførar signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

.....

## **Kommunestyret - 058/19**

### **KO - behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordførar signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

.....

### **Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i formannskapet

### **Bakgrunn**

Saka gjeld godkjenning av framforhandla utbyggingsavtale med Kvassnesvegen 32. Utbyggingsavtalen er knytt til planlagt bygging av delområde BS17-1 og BS18 i områdeplan for Knarvik sentrum og detaljregulering for oval rundkjøring. Utbyggingsavtalen er forhandla fram av administrasjonen med bistand frå konsulentfirmaet WSP, i samsvar med inngått rammeavtale om bistand til forhandling av utbyggingsavtalar.

Kvassnesvegen 32 er det andre prosjektet som skal gjennomførast innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum, der den første var Helsehuset med godkjent utbyggingsavtale av kommunestyret i møte den 13.9.18, sak 18/24187.

Plan- og bygningslova § 17-4, 2. ledd fastset at framforhandla utbyggingsavtalar skal leggest til offentlig ettersyn i 30 dagar, og mynde til å vedta offentlig ettersyn ligg til Formannskapet.

I samsvar med formannskapet sitt vedtak i møte den 20.6.19 har utbyggingsavtalen lege ute til offentlig ettersyn med frist for merknader den 15.8.19.

Det er ikkje mottatt merknader til avtalen.

Utbyggingsavtalen må vere inngått før Kvassnesvegen 32 kan få rammeløyve, jf. føresegnene til områdeplanen pkt. 3.2.3. Mynde til å inngå utbyggingsavtale på vegne av

Lindås kommune ligg til kommunestyret.

For oversikt over innhaldet i avtalen vert det vist til vedlegga.

### **Vurdering**

Ei meir detaljert skildring av innhaldet i utbyggingsavtalen ligg i saksutgreiinga frå saka som var oppe i formannskapet 20.06.2019, sjå vedlegg.

Rådmannen rår til at Lindås kommune signerer framforhandla utbyggingsavtale med Kvassnesvegen 32. Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordførar signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

.....